



Sjå mottakarliste

Dato: 11.06.2014  
Vår ref.: 2014/16764-3  
Saksbehandlar: lashans  
Dykkar ref.:

## **Følgjebrev til Hordaland i tal nr 1 – 2014 – Folketal og demografi**

Vedlagt følgjer Hordaland i tal nr. 1/2014. Hordaland i tal er ein publikasjon frå Hordaland fylkeskommune som presenterer relevant og tilgjengeleg statistikk om den regionale utviklinga i Hordaland.

Her kan du lese om 60 år med vekst i Os, fem år med vekst i alle regionane i Hordaland og stadig aukande befolkningskonsentrasjon i bergensområdet. Du kan også lese at Øygarden vaks mest på Vestlandet i fjor, og at det var fleire som innvandra enn utvandra, fleire som flytta til fylket enn ut, og fleire som vart fødd enn som døde.

Publikasjonen kjem ut to gongar pr. år – vår og haust. Tema for vår-utgåva er folketal og folketalutvikling, medan næring, innovasjon og kompetanse er tema for haust-utgåva. I tillegg vert det presentert anna relevantstatistikk som er tilgjengeleg på utgjevingstidspunktet.

Hordaland i tal er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider, [www.hordaland.no/hit](http://www.hordaland.no/hit).  
For meir detaljerte tal enn vi får plass til i ein papirpublikasjon, viser vi til fylkeskommunen si nettbaserte statistikkteneste, [www.statistikk.igest.no](http://www.statistikk.igest.no).

Kathrin Jakobsen  
Leiar

Lasse Kolbjørn Anke Hansen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Kathrin Jakobsen